



Rusomsorg Vest
Steinar Valdersnes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1607 - 16/23524

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
01.09.2016

Merknader og forklaring til saka - gbnr 129/6 og 29/33 Titland søndre

Vi takker for dykkar tilbakemelding og ser fram til eit vidare samarbeid. Vi ynskjer å hjelpe dykk i den vidare prosessen, men ber først om tilbakemelding på fylgjande:

De har bedt oss om å sende all korrespondanse til Rusomsorg Vest, Nappane. I Nøkkelopplysningar frå «enhetsregisteret» er det oppgitt at adressen til dykkar organisasjon er «Titlandsvegen 59, 5912 Seim». Vi ber om tilbakemelding om brev til Rusomsorg Vest Nappane skal sendast til overnemnte adresse.

Vidare ber vi om at det dokumenterast at Rusomsorg Vest Nappane er rettmessig eigar av gbnr 129/6 og 129/33, då kommunen må forholde seg til eigaren av eigedomane.

Vi må dessverre melde frå om at vi ikkje har fått tiltstrekkeleg tilbakemelding på vår førespurnad av 18.07.2016:

«Kommunen ber i fyste omgang om utgreiing om overnemnde tilhøve. Dette gjeld både faktum, gitte løyver og bruk av eigedomen/bygg. Utgreiinga kan sendast til postmottak@lindas.kommune.no. Skulle du til dømes meine at eksisterande utsleppsanlegg ikkje er undimensjonert eller at anlegget fungerer forskriftsmessig, ber vi at dette vert dokumentert av ansvarleg røyrlleggjar.»

Vi ber dykk svare på brevet vårt av 18.07.2016 og legge fram ein plan for korleis du ser for deg den vidare framdrift i saka. Vi kan varmt anbefale å ta dennes prosessen gjennom eit ansvarleg føretak som kan erklære ansvarsrett frå starten av, slik at saka kan bli handsama utan opphold.

Vi ber om svar frå dykk innan 16.09.2016. Dersom vi ikkje høyrer frå dykk vil saka fylgjast opp på vanleg måte like etter fristen. Ta gjerne kontakt dersom de skulle lure på noko.



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Rusomsorg Vest